Arbeiderpartiet

# SAKLISTE ÅRSMØTE SUNNFJORD AP 2021

## 26. januar 2022 kl. 1900 Førdehuset

**Sak 1** **Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Sak 2** **Val av ordstyrar, skrivar og to til å skrive under referatet**

**Sak 3** **Innleiing v/ næringsminister Jan Christian Vestre**

**Sak 4** **Torbjørn Vereide helsar Årsmøtet**

**Sak 5** **Årsmelding - styret**

**Sak 6** **Årsmelding – kommunestyregruppa**

**Sak 7** **Rekneskap 2021**

**Sak 8** **Budsjett 2022**

**Sak 9** **Arbeidsplan for 2022**

**Sak 10** **Forslag resolusjonar**

**Sak 11** **Val**

# SAK 5 Årsmelding - Sunnfjord Arbeidarparti 2021

## Årsmøte for 2020

Det vart halde årsmøte for Sunnfjord Arbeidarparti 3 februar 2021. Møtet var på team grunna pandemi. Nestleiar i AP Bjørnar Skjæran hadde innleiing til debatt.

> Bjørnar Skjæran innleia med at 2020 var eit annleisår på grunn av pandemien. AP har arbeidd for større tryggheit for innbyggarane i denne situasjonen. Krisa har ramma ulikt, den har ramma hardast dei mest sårbare.
>
> Bjørnar Skjæran forklarte vidare om hovudpunkta i AP sitt program:
>
> 1. Arbeid til alle – trygt arbeidsliv.
> 2. Bygge velferdsstaten sterkare over heile landet.
> 3. Rettferdig klimapolitikk.

Fleire tok ordet i den etterfølgande debatten.

Stortingskandidat Torbjørn Vereide helsa også årsmøtet

Det vart i alt vedteke 18 fråsegner på årsmøtet.

Desse vala vart gjorde:

**Styre**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar: | Siv-Karin Hestad | (vald for 1 år) |
| Nestleiar: | Henrik Nordal | (ikkje på val) |
| Kasserar: | Arild Horsevik | (vald for 2 år) |
| Sekretær: | Laila Oppedal | (ikkje på val) |
| Studieleiar: | Benedicte Fimland, AUF | (vald av AUF for 1 år) |
| Kvinnekontakt: | Laila Tefre Dvergsdal | (ikkje på val) |
| Styremedlemmer: | Håkon Myrvang, | (ikkje på val) |
| | Andreas Stokka, | (vald for 2 år) |
| | Liv Horvei, | (vald for 2 år) |

**Varamedlemmer:**

| | | |
|---|---|---|
| | 1. Kristian Steinseth | (alle vara er vald for 1 år) |
| | 2. Gunn Laila Årnes | |
| | 3. Sveinung Søreide | |
| | 4. Ragnhild Sæle | |

AUF sin personlege varamedlem: Marcus Hornes

| | | |
|---|---|---|
| **Revisor**: | Anne Lise Bekjorden | 1 år |
| | Arne Sandnes | 1 år |
| Vara: | Randi Aamot Osland | 1 år |
| | Ellinor Taftø | 1 år |

**Utsendingar til fylkesårsmøte i Bergen**

Delegatar til fylkesårsmøtet

8 delegatar:

Helge Robert Midtbø
Siv Karin Hestad
Henrik Nordal
Sara Marie Horsevik
Sigve Mandelid
Kari Valle
Håkon Myrvang
Benedikte Fimland

Varapersonar

| | |
|---|---|
| Torbjørn Vereide<br>Ove Farsund<br>Sindre Hornnes<br>Stig Tveit<br>Jonny Indrekvam Gustavsen Reidar<br>Fugle Nordhaug Kristian B.<br>Steinseth<br>Arve Dvergsdal<br>Ottar Magne Fugle<br>Andreas Stokka<br>Bjarte Kapstad<br>Ivar Svensøy | Laila Oppedal<br>Anita Eide Kvamme<br>Stine Svidal<br>Kari Daltveit<br>Laila T Dvergsdal<br>Annlaug Birkeland<br>Ragnhild Sæle<br>Kari Viken<br>Liv Horvei<br>Hjørdis Hagen<br>Gunn Laila Årnes |

**Representantskap:**
Helge Robert Midtbø, Siv-Karin Hestad, vald -men vi fekk fire plassar og styret plukka frå varalista og Henrik Nordal, Laila Oppedal møtte.

**Valnemnd:**

Anita Eide Kvamme - leiar
Kari Daltveit
Ottar Magne Fugle

Innspel frå Årsmøtet til:

Valnemnd styre VAP: Siv Karin Hestad
Styre VAP: Helge Robert Midtbø.

## Arbeid i styret

Arbeidet i styret har fungert bra, og vi har hatt møte ca 1 gong pr mnd. med unntak av sommarmånadane. Styret har arbeids med vanlege styresaker og fram til hausten var det val og valkamp som hadde hovudfokus. Vi hadde lokal kandidat (Torbjørn Vereide) som partiets førstekandidat og valkampen blei krona med at han fekk plass på Storinget.

Valkamputvalet bestod av leiar Harald Bjarte Reite, Thor Mehammar, Liv Horvei, Kristian B Steinseth, Laila T Dvergsdal og Arne Sandnes.

Valkampen er evaluert, og evalueringa er send til fylkespartikontoret

Stikkord frå evalueringa:

Resultat:
Ap blir største partiet i Norge - 26,3 % – Ap får statsminister og Støre skal danne regjering
Ap nest størst i Sogn og Fjordane - 26,5 %– Ap får ein representant og Torbjørn Vereide frå Sunnfjord er vår stortingsrepresentant. For første gong har Sogn og Fjordane AP (26,5) eit større snitt enn landet (26,3).

I Sunnfjord vart Arbeidarpartiet størst 26,5 – framfor Sp 2
Det var gjort ein formidabel innsats av AUF. Stortingskandidat Torbjørn Vereide hadde god innsats i sosiale media.
Nokre læringspunkt vidare:
Det bør året før valet vere klart kven som utgjer valkamputvalet. Det bør peikast ut plassansvarlege, som fyller inn, og fyl opp følgjande:

- Kven står på kva stand kva tid
- Kven går på kva husbesøk kvar
- Kven gjennomfører postkasseaksjonar

Det må vidare setjast fokus på rekruttering og medlemspleie for å løfte partiet fram mot neste valkamp.

Det er gjennomført 13 styremøte i 2021. Styre har handsama ulike saker og drift av laget. Styret har også jobba med vedtaka frå sist årsmøte om å etablere faggrupper og politisk kafé. Det første er så smått starta, men kafé har vi ikkje heilt fått til endå.



Styret har hausten hatt fokus på å få til aktivitet for medlemmane igjen. Aktivitet har vore bygrensa dei siste år grunna pandemien. Vi har arrangert fire medlemsmøte med gode tilbakemeldingar. Tema for møta har vore økonomiplanen, Den Norske Modellen v/ Jan Balstad, kommuneplanen – på det møtet var også Torbjørn Vereide gjest og budsjett. I tillegg har vi arrangert eit ope møte om vindkraft/energi.

**Kvinnekontakten melder**
Kvinnenettverket i Sunnfjord arbeiderparti har i samband med valkampen 2021 delteke på temamøte med leiar i kvinnenettverket sentralt Anette Trettebergstuen -Tema: Valkamp i eit kvinneperspektiv.

Det er blitt jobba med faggrupper for kvinnenettverket i Sunnfjord ap som vi jobber vidare med i 2022.

**Medlemssituasjonen**
Situasjonen i samfunnet har gjort det krevjande å få til aktivitet òg i 2021 dessverre. Det har vore åtte arrangement, fem av desse var i samband med valkampen.

Talet på betalande medlemmar har auka det siste året frå 217 på årsmøtetidspunktet i fjor til 225 i år. Dette er litt betre enn nasjonal trend der auka er på 1.4%. Det kom til 11 nye medlemmar i løpet av året. Om ein ser på innmeldingstidpunkt på nye medlemmar er hovudvekta i perioden med mykje aktivitet (valkampen), men her spela nok òg nasjonal merksemd om partiet ei rolle. Når situasjonen etter kvart normalisera seg vil det vere viktig å få i gang meir regelmessig aktivitet for å bygge organisasjon og kommunisere med innbyggarane.

Arbeidet i styret har fungert godt også dette året og leiar vil takka for samarbeidet og alle bidrag!

Førde 19. januar 2022

Siv-Karin Hestad
Leiar

# Sak 6 Årsmelding – kommunestyregruppa

# Sunnfjord - 2021

kommunestyregruppa  har hatt eit travelt år med mange tunge og viktige saker til behandling. Totalt er det behandla om lag 1050 sakar i dei ulike politiske fora. Til samanlikning kan nevnast at det i Førde kommune i 2019 vart handsame totalt 285 saker.

Sidan pandemien stengte ned landet har mange av møta i gruppa vert gjennomført på ulike virtuelle plattformer. Fleire politiske møta i kommunestyre, formannskap og utvala er og gjennomført elektronisk. Vi har eit godt samarbeidsklima i gruppa og vi har mange dyktige og engasjerte politikarar som er godt budde til møta. Som gruppeleiar prøver eg å fordele saksansvar slik at alle som ønskjer det får jobbe fram saker og argumentere i bystyret, formannskapet, planutvalet og i utvala.




Gruppa samarbeider etter kvart betre med dei andre partia i Sunnfjord og vi har hatt fleire fellesframlegg på kryss av politiske fraksjonar. I samband med budsjetthandsaminga desember 2021 kom vi ikkje i posisjon til å forhandle med fleirtalskoalisjonen, noko vi har uttrykt at vi er skuffa over.

Ordførar Olve Grotle vart valt inn som Stortingsrepresentant frå Sogn og Fjordane. Fleirtalskoalisjonen bestemte seg då for å støtte Jenny Følling som ny ordførar og Anne Lilleåsen som ny varaordførar.

**Kommunestyre har bestått av følgjande representantar:**

Helge Robert Midtbø, Siv Karin Hestad, Håkon Myrvang, Sara-Marie Horsevik, Kari Valle, Sigve Mandelid, Ivar Svensøy, Reidar Fugle Nordhaug, Ove Farsund, Sindre Hornes, Kari Daltveit. Sindre Hornes har fått seg ny jobb i Oslo og har fått fritak frå politiske verv i Sunnfjord kommune. Kari Viken vil då bli fast møtande i kommunestyret. Fleire av varamedlemmane har møtt i kommunestyre.

**Formannskapet/Planutval:** Helge Robert Midtbø, Siv Karin Hestad og Håkon Myrvang.



**Administrasjonsutvalet:** Helge Robert Midtbø.

**Eldrerådet:** Laila Oppedal

**Kontrollutvalet:** Kari Daltveit, Leiar.

**Klagenemnda for eigedomskatt/Klageutvalet:** Kari Viken og Stig Tveit.

**Utval for helse og omsorg:** Sara-Marie Horsevik (leiar), Ivar Svensøy og Reidar Fugle Nordhaug.

**Utval for oppvekst:** Sigve Mandelid og Sindre Hornes.

**Utval for samfunn, kultur og næring:** Kari Valle og Ove Farsund.

**Arbeidsform i gruppa:**

Vi har gruppemøte kvar mandag med start kl. 18.00. På desse møta går vi gjennom alle saker som skal opp til politisk handsaming i løpet av veka. Ei slik arbeidsform gir moglegheit for at alle i gruppa får påverke saker tidleg i prosessen og ein er betre budd når sakene kjem til bystyret. Gruppa legg

ned mykje arbeid for at sakene skal få ei så god handsaming som mogeleg. Desse møta er opne for alle medlemmane og vi synes det er stas når det kjem medlemmar innom. I tillegg brukar vi møta til å invitere gjester som ønsker å belyse ei sak frå sin ståstad.

**Saker som det har vert jobba med i 2021:**

**Økonomiplan/budsjettarbeid**.

Økonomiplanen vert handsama politisk i juni kvart år og er styrande for korleis vi skal prioritere inn imot budsjettarbeidet. Økonomien i kommunen var svært pressa. Med eit slikt utgangspunkt var det ikkje mykje spelerom for å auke opp driftsnivået utan at vi kunne komme med konkrete kutt andre stader for å få balanse i budsjettet. Økonomiplanen la då opp til vidareføring av dagens driftsnivå. Nokre driftseiningar vart styrka, bl.a. helse og omsorg. Det vart vedtatt å vidareføre innsparingspakken som skal ta ned driftsnivået i kommunen og som skal skape handlingsrom framover.

Sunnfjord AP meiner at det er behov for å få etablert fleire institusjonsplassar og styrke drifta innan helse og omsorg. Den demografiske utviklinga i kommunen syner at dette er rett. Kommunestyregruppa vil jobbe for at denne eininga vert styrka i dei framtidige budsjetta .

**Førdepakken** har vore krevjande å handtere med stor merksemd i media og eit stort engasjement blant folk i Førde/Sunnfjord til dei ulike trasèvala.  Nokre av tiltaka er ferdigstilt og nokre er under utføring. Reguleringsplanen for Angedalsveien er no vedtatt. Dette er eit svært viktig prosjekt i Førde pakken som vil sikre denne trafikkerte skulevegen på ein god måte.

**Andre saker:**

- Detaljregulering Ytre Øyrane i Førde.
- Områderegulering på vassenden.
- Starta planarbeid for framtidig bruk av skulane og barnehagane i Sunnfjord kommune.
- Visningssenter Astruptunet.
- Detaljregulering Skudeløken i Førde
- Detaljregulering Kyrkjevegen i Førde.
- Friskhus i Naustdal.
- Planstrategi.
- Digitaliseringsstrategi for Sunnfjord kommune.
- Eigedomskatt.
- Oppgradering av utemiljø ved Førde barneskule.
- Forskrift om skulekrinsgrenser i Sunnfjord.
- Revisjon av brannordninga for Sunnfjord kommune.
- Nynorskhuset.
- Nye Førde videregåande skule.
- Kompensasjonsordningar for verksemder knytt til Covid-19.
- Leige til eige for vanskeligstilte.
- Parkeringsordning.
- Astruptunet restaurering av hus og gardshage.
- Evaluering av SFO.
- KLP, bruk av ekstrordinær tilbakeføring.
- Gang og sykkelveg over Jølstra ved Naustøyna.
- VM i vektløfting.
- Regional transportplan.

**Det er totalt behandla 1079 saker i 2021:**

Kommunestyre: **139 saker**
Formannskapet: **261 saker**

Eldrerådet: **46 saker**
Kontrollutval: **84 saker**
Utval for helse og omsorg: **61 saker**
Utval for oppvekst: **65 saker**
Utval for samfunn, kultur og næring: **127 saker**
Administrasjonsutvalet: **7 saker**
Klageutvalet: **219 saker + 25 saker (HS)**
Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne: **45 saker**

Det har vert enormt mange saker å handsame i 2021. For at vi skal kunne gi alle saker god folkelig behandling så ligg det eit stort arbeidspress på alle politikarar som skal lese seg opp på alle saker og gjerne snakke med folk og andre parti som ein del av handsaminga. Smittesituasjonen vi har vert i har gjort arbeidet vanskeligare. Vi har nytta fjernmøte og det er ikkje alltid teknikken har vert god nok for å gjennomføre effektive møter.

Eg vil òg nytte høvet til å takke alle aktive politikarar som brukar mykje fritid på å jobbe med politiske saker for Arbeidarpartiet. Takk òg til alle andre støttespelarar som kjem med innspel og tilbakemeldingar, anten dei er positive eller negative, det er med på å styrkje Arbeidarpartilaget!

Førde 23. januar 2022

Helge Robert Midtbø
Gruppeleiar

# Sak 7 Regnskap 2021

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Sunnfjord Arbeidarparti 2021** | | | | | |
| | | | | | |
| **Inntekter** | | | | | |
| Partistøtte | | | 69948 | | |
| Kontingent | | | 31458 | | |
| Gåve frå Lo | | | 76922 | | |
| "Vilje til vekst" | | | 82 | | |
| Renteintekter | | | 41 | | |
| **Samla inntekter** | | | **178451** | | 178451 |
| | | | | | |
| **Utgifter** | | | | | |
| Reiser/møter | | | 5295 | | |
| Møteutgifter | | | 27733 | | |
| Gåver/blomster | | | 661 | | |
| Valmateriell | | | 147531 | | |
| Gebyr og annonser | | | 3536 | | |
| Bankgebyr | | | 269 | | |
| **Samla utgifter** | | | **185025** | | -185025 |
| | | | | | -6574 |
| | | | | | |
| | **Balanse** | | | | |
| Drift | 3705 01 17317 | | 313672 | | |
| Spare | 3760 15 57631 | | 10989 | | |
| Boka | 3705 28 48266 | | 27777 | | |
| | | | **352438** | | |
| | | | | | |
| | **Eigenkapital** | | | | |
| | Akk. EK | (pr. 1/1-2021) | 359012 | | |
| | Resultat | | -6574 | | |
| | | | 352438 | | |

# Sak 8 Budsjett 2022

Budsjett
2022

| Kolonne 1 | Kolonne 2 | Kolonne 3 | Kolonne 4 | Kolonne 5 | Kolonne 6 | Kolonne 7 | Kolonne 8 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Budsjett 2019 | Rekneksap 2019 | Budsjett 2020 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 |
| Offentlege tilskot (partistøtte) | 80000,- | 128590 | 71000 | 105164 | 90000 | 69948 | 70000 |
| Tilbakeført kontingent DNA | 35000 | 0 | 31000 | 27090 | 20000 | 31458 | 30000 |
| Diverse inntekter | 1000 | 23435 | 3000 | 495 | 1000 | 82 | 1000 |
| Finansinntekter | 500 | 167 | 200 | 160 | 150 | 41 | 1000 |
| Kortsiktig krav (kontingent DNA) | | 31206 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Valkampgåver frå Lo | | | | | | 76922 | 0 |
| ***Sum inntekter*** | 116500 | 209950 | 105200 | 132909 | 111150 | 178451 | 102000 |
| | | | | | | | |
| Møtekostnadar | 25000 | 8245 | 10000 | 9475 | 10000 | 27733 | 20000 |
| Årsmøte Vestland | 20000 | 37741 | 15000 | 0 | 5000 | 0 | 5000 |
| Annonsekostnadar/SMS | 5000 | 4947 | 3000 | 6413 | 10000 | 3536 | 5000 |
| Gåver/Blomster | 2000 | 11314 | 1000 | 23560 | 10000 | 661 | 10000 |
| Reise/Møter | 20000 | 10879 | 1000 | 6066 | 10000 | 5295 | 15000 |
| Div. kostnadar | 10000 | 13661 | 5000 | 0 | 10000 | | 10000 |
| 1. mai arrrangement | 3000 | 0 | 5000 | 0 | 5000 | 0 | 5000 |
| Valkamp/verving | 45000 | 80000 | 10000 | 0 | 45000 | 147531 | 3000 |
| Gebyr banktjenester | 200 | 127 | 200 | 48 | 200 | 269 | 200 |
| Sogeskriv Naustdal | 15000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 8. mars arrangement | | | | | 5000 | 0 | 5000 |
| ***Sum kostnadar*** | 145200 | 166615 | 68200 | 45562 | 110200 | 185025 | 78200 |

# Sak 9 Arbeidsplan Sunnfjord AP 2022

Sunnfjord Arbeidarparti ynskjer å vere eit parti som legg til rette for at medlemmene kan vere aktive og deltakande. Partiet har utvikla rutine på å ha regelmessige styremøte og godt samarbeid med kommunestyregruppa. Dette vil vi skal halde fram. Vi vil vere ein ryddig og aktiv del av Vestland AP. Vi vil og styrke samarbeidet med AUF.

I 2022 skal vi:

Ha regelmessige styremøte. Jobbe for å etablere arkivsystem. Besøke bedrifter om smittevernsituasjonen tillet det.

Sende utsendingar til årsmøte og representantskapsmøte i Vestland AP.

Medlemsmøte om store og viktige saker i kommunen, til dømes kommuneplan, økonomiplan og budsjett.

Medlemsmøte med utdeling av heidersteikn til medlemmer.

Medlemsmøte om aktuelle politiske saker som kan verte aktuelle gjennom året.

Arbeid med faggrupper/ politisk kafé, i første omgang:

Kvinnenettverk, der damene vert høyrde.

Kommuneplanarbeid.

Næringsutvikling i Sunnfjord.



# Sak 10 Resolusjonar

**1 Fråsegn Fv 609 Hundsåna**

Sunnfjord Arbeidarparti krev at det vert fortgang i skredsikring av Fv 609 Hundsåna

Grunngjeving

Daglig passerer det om lag 500 pendlarar forbi Hundsåna på Fv 609 ved Kvammen i Askvoll Kommune.

Vegen forbi Hundsåna har skredfaktor 5, noko som gjer at vegen er blant dei 10 mest rasutsatte vegstrekningane på Vestlandet.

Tal viser og at steinnedfall og skredfrekvensen har auka dei seinare åra grunna klimaendring og nedbør.

Skredfaktor er nakne tal. Den uttrygge følelsen og påkjenninga folk sitter med når ein køyrer i rasområdet, den uttrygge følelsen dei som sitter heime og veit at nokon av sine nærmaste køyrer i rasområdet, kan ikkje målast i ein skala.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

**2 Forskning og utvinning av Thorium for energiføremål..**

Norge har store mineralførekomstar av Thorium. Det må no brukast større midlar på forsking for å sjå om det er mulig å få fram ei ny energikjelde som er med på å redusere klimaendringa.

Grunngjeving
Thorium er eit grunnstoff som Norge (Telemark) har svært store meineralførekomstar av (3. største i verda), Thorium kan brukast til framstilling av energi som ikkje medfører co2 utslepp og som ikkje har ulempene som kjernekraftverka har. Thorium kan kanskje vise seg å kunne erstatte Uran i kjernekraftverk og kan då løyse mykje av dagens miljøproblem og mangel på energi i verda. Med den mengda vi har av Thorium i Norge, kan vi mest sannsynleg lage nok energi i fleire hundre år framover. Vi bør derfor satse på forsking og utvinning av dette materialet når verda no treng mykje meir klimavenleg energi.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

**3 Bruk av avgangsmasse frå gruveindustrien til tildekking av forurensa sjøbotn.**

Stortingsmelding nr 12 (2001-2002) Rent og rikt hav uttaler: «..tilsier at det vil koste fra flere til et titalls milliarder kroner å gjennomføre full opprydding langs hele kysten».
Sunnfjord Ap krever at Klima og Miljødepartementet stiller penger til rådigheit for å få fortgang i arbeidet med å få fram teknologi, opprette industriinkubator , utgreie plan for opprydding av forurensa sjøbotn.

Grunngjeving:

Forurensninger fra utslipp fra tidligere tiders aktiviteter ligg avleira i sjøbotnen i mange havner og fjordområder langs kysten. Dette er forureining av miljøgifter og andre helse- og miljøskadelige kjemikalier.

Avgangsmasse fra mineralprosjekt kan nyttast som tildekkingsmateriale.

Det er ofte stor avstand mellom der massane vert teke ut og der dei kan brukast. Å jamne ut slike transportulemper vil være eit effektivt tiltak. Det gjeld å finne fram til verdiaukande bruk av massane som vert teke ut av fjellet. Det må difor gjevast økonomiske fordelar til dei som nyttar massar. Eksisterande lovverk og skattereglar heimlar ikkje dette i dag. Ein målretta næringspolitikk på dette området må også difor på plass.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

**4 Landbruket må styrkast i samsvar med geografiske forhold.**

Arbeidarpartiet må styrke arbeidet for å nå målsettingane i Hurdalsplattforma om landbruk: trygg mat og levande distrikt. Viktig i dette er å styrke små og mellomstore bruk, for å bevare og utvikle berekraftig bruksstruktur, kompetanse, mattryggleik, dyrevelferd og busetnad i distrikta.

Grunngjeving:

Bondeopprøret det siste året har sett fokus på den negative inntekstutviklinga i jordbruket, dette må Arbeidarpartiet ta på høgste alvor. Vi har no i løpet av hausten og vinteren sett ei forverring av forholda for landbruket, med auka straumprisar og generelt auka prisar på driftsmiddel til landbruket. Pandemien har også synt oss kor sårbar internasjonal handel kan vere.

Utviklinga i landbruket har gått i retning av færre bruk og meir bruk av leigd jordbruksareal. I følge Statistisk Sentralbyrå var tal landbrukseigedommar i landet nesten 200 000 i 1959, i 2018 var det redusert til 38 000. I same tidsrom har andel leigejord i drift gått opp frå 12 % av arealet til 45 % i 2018. Statsforvaltaren i Vestland melder i januar 2022 at delen leigeareal i drift er oppe i over 50 % av arealet. Det betyr i praksis at kva enkelt gardbrukar må bruke meir ressursar på transport i det daglege arbeidet, og at kvar enkelt bonde får lenger veg til arbeidskollega. Arbeidsmiljøet for aktive gardbrukarar vert utarma, miljøutslepp aukar, og tryggleiken i matvaretilgang vert svekka. Hurdalsplattforma listar opp gode tiltak, det hastar med å komme i gang.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 5 Rv5 Førde- Naustdal

Sunnfjord Arbeidarparti krev at skredsikring av Rv 5 mellom Naustdal og Førde , som er med i ny Nasjonal transportplan (2022-2033), får på plass tilstrekkeleg finansieringsramme for prosjektet

Grunngjeving

Rv5 er ein av dei mest rasutsatte vegstrekningane på rute 5C. (Oslo Lærdal Florø - Oslo Lærdal Bergen)

Skredvika mellom Naustdal og Erdal har skredfaktor 5,3.

Dette medfører at vegen forbi Skredvika ligg på sjuandeplass på Vestlandet. Tal viser og at steinnedfall og skredfrekvensen har auka dei seinare åra grunna klimaendring og nedbør.

Skredfaktor er nakne tal. Den uttrygge følelsen og påkjenninga folk sitter med når ein køyrer i rasområdet, den uttrygge følelsen dei som sitter heime og veit at nokon av sine nærmaste køyrer i rasområdet, kan ikkje målast i ein skala.

Det viser seg at ramma for prosjektet i NTP er om lag 450 millionar mindre enn kostnadsramma for tunnelen som vegvesenet planlegger. Prosjektet har stoppa opp på grunn av dette. Det haster å få på plass manglande finansiering for tunnelen mellom Førde og Naustdal.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 6 Kornlager

Hurdalsplattformen seier : Etablere beredskapslagring for korn.

**Framlegg: Sunnfjord AP bed Sunnfjord kommune saman med Vestland Fylkeskommune sette igong arbeid med regionale kornlager. Det bør lagrast både matkorn og forkorn.**

Grunngjeving

Det er dessverre mange indikatorar i dag som peikar mot ei global matvarekrise, som blir forsterka av stopp i kunstgjødselproduksjonen.

Tidlegere hadde Norge beredskapslager for eitt års forbruk av korn og mjøl. Frå 1995 blei lager gradvis redusert, og i 2003 vedtok Stortinget å avvikle beredskapsordninga.

Norge er det landet i verda med lågast sjølvforsyningsgrad av landbruksprodukt, ifølge FAOs statistiske årbok fra 2012.

I 1883 var det 250 lokale kornlager i Norge. I dag er det ingen.

Det vil koste ca.50 mill.kroner årleg å drifte eit kornlager.
Til samanlikning vert det årleg gjeve 5,8 milliarder kroner i skatte- og avgiftsfordel til kjøp av el-bil, eller over 100 millioner kroner i veka..

Agri Analyse kom i 2013 med rapporten «Korn og krise. Hvorfor Norge bør starte kornlagring», der dei anbefaler å kome igong att med kornlager.
«– Vi må bygge opp igjen strukturen med kornsiloer på riktige steder i landet, slik at vi både styrker norsk kornproduksjon og sikrer beredskapen» (Smedshaug, Agri Analyse).

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 7 Ta politisk kontroll over straumen

**Framlegg:** Sunnfjord AP støttar Industriaksjonen sine krav:

1. Stans krafteksporten ved låg fyllingsgrad i vassmagasina for å sikre bærekraftig tilgang på straum.

2. Føreseielege og langsiktige kraftprisar for industri og landbruk, samt toprissystem på straum for hushaldningar.

I tillegg meiner vi ein bør droppe elektrifisering av sokkelen dersom dette ikkje kan gjennomførast med havvind.

**Grunngjeving:** Hurdalsplattformen seier: «Regjeringen vil sikre tilstrekkelig tilgang på fornybar kraft til ny og eksisterende industri på fastlandet, og at kraftoverskudd bidrar til økt verdiskaping og sysselsetting i norsk industri. Fornybar kraft skal være et konkurransefortrinn for norsk industri.

Sunnfjord AP er uroa over framtida til industrien og landbruket slik dagens kraftregime fungerer. Høyanger, Svelgen og Årdal er tufta på billeg tilgang på straum. Straum er ei naudsynt vare som må regulerast til beste for industri, landbruk og folk. Elektrifisering av

sokkelen må ikkje bli eit trugsmål mot eksisterande og ny industri, og det må vere eit krav om havvind dersom prosjektet skal gjennomførast.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 8 Elevar må ha det bra for å lære bra

**Elevar må ha det bra for å lære bra.»** Arbeiderpartiet må få fortgang i arbeid for skulemåltid og fysisk og kulturelle aktivitetar i grunnskulen.

Grunngjeving

I Hurdalsplattforma kan ein lese fylgjande: «Elevar må ha det bra for å lære bra.» Eit av punkta for å nå målet er: Gradvis innføre eit dagleg, sunt, enkelt skulemåltid og dagleg fysisk aktivitet i skulen.

Det er på høg tid at det vert fortgang i dette arbeidet. Vi veit frå forskning og forsøk rundt i landet med dette at resultata har vore svært positive. Her kan nemnast erfaring frå Austreim skule i Haugesund, som kom i gang med prosjekt inneverande skuleår etter initativ frå Haugesund Arbeidarparti. Her er felles skulelunsj, to timar med ekstra undervisning kvar veke, leksefri og kulturelle aktivitetar før skuledagen sluttar.

I Sunnfjord kommune har vi positive erfaringar frå Vassenden skule med skulefrukost.

Dette er god sosialdemokratisk politikk i praksis. Skulemåltid og tilbod om fysiske og kulturelle aktivitetar vil og vere eit stort og viktig tiltak for å betre folkehelsa og utjamne forskjellar mellom samfunnslag.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 9 MVA: Endre mva-lova: justeringsreglene på personkjøretøy

Arbeiderpartiet skal utrede muligheter for å endre mva-lovens tilbakeføringsplikt på personkjøretøy (mval. § 9-6) til å reflektere personkjøretøyets verdifall. Formålet er å sikre nøytralitet i mva-regelverket som gjør at staten får de samme mva-inntektene uavhengig om konsument velger å kjøpe eller leie/lease en bil.

Begrunnelse:

Norges mest solgte ladbare hybrid i 2020 var Mitsubishi Outlander. Dersom en kunde velger å lease en Mitsubishi Outlander hybrid, fremfor å kjøpe den, taper staten 35.000-40.000 kr i mva-inntekter (avhengig av utstyrsnivå på bilen). Bakgrunnen for dette tapet skyldes at leasingselskapet krever mva-fradrag på bilen når den kjøpes, og etter leasingperioden selges bilen mva-fritt som bruktbil. Samlet utgjør dette avgiftstapet milliarder hvert år for staten.

Det er i dag en tilbakeføringspliktsperiode på 4 år i mval. § 9-6. Det vil si at dersom man selger bilen før det er gått fire år, må deler av mva-beløpet tilbakebetales til staten. Dersom justeringsperioden hadde reflektert verdifallet og levetiden på personbiler ville det vært samme mva-inntekt til staten uansett om en forbruker valgte leasing eller kjøp.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 10 Strøm: Fjerne redusert elavgift til kryptovaluta-utvinning

<u>Forslag</u>:

Arbeiderpartiet skal arbeide for å fjerne elavgift til datasentre som driver med mining av kryptovaluta.

<u>Begrunnelse</u>:

Kraftkrevende industri betaler i dag en elavgift på 0,546 øre per kwh. Dette er over 95% mindre enn den alminnelige elavgiften som er på 8,91 øre per kWh i januar-mars, og 15,41 øre per kWh resten av året. Store datasentre som driver med utvinning av kryptovaluta (såkalt «mining») får i dag redusert elavgift da de kategoriseres som kraftkrevende industri. Mining av kryptovaluta er ikke med på å skape arbeidsplasser, og blir av mange sett på som miljøfiendtlig grunnet deres høye kraftforbruk. Derfor er ikke dette en industri Arbeiderpartiet ønsker å subsidiere gjennom lavere priser og avgifter.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 11 Strøm: Arbeide for en felles nettleie og strømpris i hele landet

Prisen på strøm og nettleie bør være lik i hele landet, uavhengig av hvor man er bosatt. Arbeiderpartiet bør derfor jobbe for å redusere antall strømsoner i Norge fra fem soner til en felles sone, og innføre en felles nettleiepris uavhengig av hvilket nettselskap man har.

<u>Begrunnelse:</u>

I dag bestemmes strømprisen ut fra hvilken av de fem ulike geografiske sonene du bor i, mens nettleien bestemmes basert på kostnadsnivået til nettselskapet. Dette gjør at man i enkelte områder har mye høyere kostnad enn andre.

Strømprisen har i 2021 vært vesentlig høyere i de tre sørligste strømsonene enn i de to nordligste strømsonene. Dette kan endre seg. Olje og Energidepartementet forventer at strømprisen vil øke mest i NO4 (nord) og NO3 (midt) som følge av elektrifisering av sokkelen (kilde). Dersom elektrifisering av sokkelen medfører økte strømpriser er det noe hele landet må spleise på, ikke la deler av landet ta store deler av regningen alene.

Nettleien skal dekke nettselskapets kostnad til transport av strøm, gitt effektiv drift, utnyttelse og utvikling av nettet. Det er derfor nettselskapets kostnader som fastsetter nettleien som en får, og gjør at nettleien er veldig ulik rundt omkring i landet. Florø og Førde er ikke veldig ulike byer med tanke på størrelse og beliggenhet. Likevel betaler man 34,5% mer i nettleie i Florø enn man gjør i nabobyen Førde, som skyldes at Førde har BKK Nett AS som nettleverandør, mens det er Linja AS som er nettleverandør i Florø.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 12 Pensjon: Øke minstekravet på OTP

Øke minstekravet til pensjonsavsetning i OTP-loven for å øke pensjonsutbetaling til arbeidstakere i lavtlønnsyrker.

Begrunnelse:

OTP-loven sier at arbeidsgiver må sette av minst 2% av lønnen til en pensjonskonto for den ansatte. Det er likevel vanlig praksis at mange arbeidsgivere tilbyr en høyere OTP-sats til sine ansatte, ofte rundt 4-6%. Dette gjelder spesielt for fagorganiserte arbeidstakere med tariffavtale, og arbeidstakere med høyere utdannelse. Mange lavtlønte arbeidstakere har arbeidsgivere som følger minstekravene, altså at 2% av lønnen satt av til OTP. Dette gjør at forskjellen i pensjonssparing er betydelig.

En økning av minstesatsen på OTP vil i stor grad kun påvirke ansatte i lavtlønnsyrker. Dette vil gjøre at arbeidstakere i lavtlønnsyrker vil få en mer lik pensjon i prosent av inntekt sammenlignet med resten av befolkningen.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 13 Pensjon: Utrede fremtidens pensjonssystem – demografiske utfordringer

Bakgrunn:

For å ta hensyn til de demografiske utfordringene man står ovenfor, gjennom at det vil bli færre arbeidstakere per pensjonist, bør det utredes hvordan fremtidens pensjonssystem skal være for å gjøre pensjonsutbetalingene håndterlige for fremtidens statsbudsjetter.

Begrunnelse:

Pensjonsreformen, som ble påstartet i 2001 av Stoltenberg I-regjeringen, var et steg i retning av å redusere folketrygdens utbetaling av pensjon, og sikre en god pensjonsutbetaling gjennom andre pensjonssparesystemer som obligatorisk tjenestepensjon (OTP)

I årene som kommer vil det bli færre og færre arbeidstakere per pensjonist. Dette vil medføre at en større del av statens inntekter vil gå til pensjonsutbetalinger dersom pensjonssystemet ikke justeres ytterligere. Det bør derfor sees på om kravet til pensjonssparing utenfor folketrygden (herunder OTP) bør økes, for å kunne redusere utbetalinger av pensjon gjennom folketrygden.

Målet med en utredning av pensjonssystemet må være å kunne sikre en god pensjon til fremtidens pensjonister, uten at det går på bekostning av dagens pensjonister. I tillegg må målet være at fremtidens statsbudsjetter får et større handlingsrom gjennom at pensjonsutbetalingene ikke blir så store at det går på bekostning av andre velferdsgoder.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 14 Styrk innsatsen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet

Vegtransport er eitt av områda som må følgast betre opp. Sunnfjord Arbeidarparti meinar det må opprettast kontrollteam lokalt i heile Norge der Politi (UP), NAV, Tollvesen, Arbeidstilsynet, Skatteetaten og Statens vegvesen deltek. Statens vegvesen må takast inn som deltakar i dagens A-krim.

Grunngjeving: Dagens A-krim har ikkje Statens vegvesen som deltaker. Statens vegvesen kontrollerer tusenvis av køyretøy årlig, og har god oversikt over kva stoda er innanfor transport på veg når det gjeld lovbrot. Med tverretatlig kontrollteam loalisert minst innanfor dei gamle fylkesgrensene, vil det bli meir effektiv kontroll, og dei som driv ulovlig og øydelegg for seriøse aktørar ville bli plukka ut. Dette ville styrke både dei seriøse aktørane i marknaden, og sjåførane sine løns- og arbeidsvilkår. I tillegg er det grunn til å tru at også trafikktryggleiken vil bli betra. Juksarane som opererer i marknaden må bort. Derfor er tverretatlig innsats heilt naudsynt.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

## 15 Vedrørende pris på strøm- endring av avtaler og skatteregime

Staten må styre vannmagasinene, kraftproduksjonen og prisen. Staten må også sikre at eksport av vannkraft bare gjelder overskuddskraft. El-kraftavtalen med EU må reforhandles for å få dette til. Fordyrende mellomledd i kjøp og salg av vannkraft må fjernes. Skatteregimet for vannkraft må endres slik at det blir lønnsomt å oppgradere eldre kraftanlegg.

**Begrunnelse**

Vår billige, fornybare og rene kraftproduksjon er blitt gjenstand for et profittjag som går ut over verdiskapingen i fastlands-Norge. Arbeidsplassene trues av skyhøye strømpriser som er prisen på den råvaren som har gitt Norge konkurranseevne og tusenvis av arbeidsplasser i rundt hundre år.

Det er ikke utenlandskablene som gir oss forsyningssikkerhet, det er det våre vannkraftmagasiner som gjør og som har en energilagringskapasitet på 70 % av vår årsproduksjon. Energiloven av 1991 gjorde vannkraften vår til en vare som et titalls utenlandskeide selskaper og el-kraftmeglere tjener milliarder på å kjøpe og selge til vanlige folk. Vi mener at Arbeiderpartiet nå har en unik anledning til å ta tak i dette og gjenopprette styringen av vårt arvesølv – vannkraften.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

### 16 Matbjøra, FV. 610

Sunnfjord Arbeidarparti krev at tunnell gjennom Matbjøra, Hestebeit-Eldalsosen, kjem inn i RTP.

Grunngjeving: Nemnde strekning, frå garden Hestebeit til Eldalsosen, vert med jamne mellomrom utsett for steinsprang, ras i form av stein, jord og is. Strekninga har dei siste åra blitt rassikra ein del, men dei som skal ferdast på denne vegen; skuleborn og pendlarar, er framleis ikkje trygge på den. Einaste og varige løysinga her er tunnel i fjellet bak området.

*Handsaming i styret i Sunnfjord Arbeidarparti: Støttar dette.*

*Sendast til:*
*Fylkesårsmøtet*
*Stortingsgruppa/komité*
*Fylkestingsgruppa/utval*
*Styret Sunnfjord Arbeidarparti*

# Sak 12 Val

**Valnemnda legg fram sitt forslag til nytt styre og revisor i møtet.**

**Styret sitt forslag til utsendingar til Fylkesårsmøte, representantskap og ny valnemnda blir lagt fram i møtet.**